



Foto: Isabell I. Rolland

Vi anbefaler brukarar og pårørande å besøke Bjørnafjorden kommune sine nettsider:

<https://bjornafjorden.kommune.no/>

#### Kontaktinformasjon Heimetenesta:

Eikelandsosen tlf: 5658 0234

Baldersheim tlf: 5658 2040

Os, gruppe 1 tlf: 4186 3001

Os, gruppe 2 tlf: 4186 3002

Os, gruppe 3 tlf: 4186 3003

Os, gruppe 4 tlf: 4186 3004

Os, Heimehjelp tlf: 4186 3005

# Heimetenesta

## BJØRNAFJORDEN KOMMUNE

AKTIV I EIGE LIV

- I EIGEN HEIM



---

I indre Bjørnafjorden (gamle Fusa) er heimetenesta lokalisert med kontor på Leitet i Eikelandsosen og på Helsetunet på Baldersheim. På Os er kontora lokalisert på Lyssand.

#### **Mål med tenesta:**

- Å gi nødvendig helsehjelp etter vedtak
- Å tilrettelegge for at du er mest mogleg sjølvstendig  
Slik at du kan bu heime i eigen bustad
- At du har oppdatert vedtak etter behov for tenester
- Godt samarbeid og dialog mellom brukar, pårørande og helsetenesta, avklaring på kven som gjer kva

#### **Du kan forvente:**

- Nødvendig kompetanse hos tilsette
- At du får oppnevnt primærkontakt ved eit visst hjelpebehov
- At du opplever å bli høyrte og er med og tilpasser tenesta  
At du blir spurt «Kva er viktig for deg»
- At dei tilsette ber namneskilt, og kan legitimere seg
- At dei tilsette prøver å komme til avtalt tid
- At du får tilbod om samarbeidsmøte



---

#### **Vi forventar:**

- At du bidreg til å vere mest mogleg sjølvstendig i kvardagen
- At heimen blir tilrettelagt, med utstyr og hjelpemidlar
- At vi får beskjed om andre gjer oppdraget, eller om du ikkje er heime

Heimetenesta er i utgangspunktet ikkje ansvarleg for å finne løysingar for diverse oppgåver du treng hjelp til, som til dømes bestille timar til lege, vaske opp, bestille drosje, måke snø eller vatne blommar. Vedtaket ditt skal sei kva du skal få hjelp til.

Vi nyttar skjønn, samarbeider med deg, pårørande og hjelpeapparatet elles. Vi sikrar at vi gir rett teneste til rett tid. Dette krev åpenheit og god kommunikasjon mellom alle partar.

Bjørnafjorden kommune er i lag med resten av landet inne i ein omstillingsprosess ettersom vi på sikt ser at vi blir færre tenesteytarar pr. brukar. Dette gjer at vi må vere endå meir tydeleg på kven som skal få tenester og kva tenester vi tildeler.

Lovverk og forskrifter definerer kva som er nødvendige og for-svarlege tenester.

